



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Marit Lunde
Telefon: 57643005
E-post: fmsfmlu@fylkesmannen.no

Vår dato
16.12.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/3429- 321
Dykkar referanse

Kommunane i Sogn og Fjordane

Fornyng og innovasjon i offentleg sektor - utlysning av midlar for kommunane for 2017

Fylkesmannen har sett av til saman 3,4 mill. kroner av skjønnsmidlane for 2017 til fornyng og innovasjon i offentleg sektor. I tillegg er det disponibelt ca. 500 000 kroner som tilbakeførte midlar frå andre prosjekt som ikkje vart gjennomførte.

Det vert *ei* utlysning av fornyingsmidlar i 2017 og søknadsfristen for kommunane er sett til 1. mars.

Fylkesmannen har fastsett føringar og fordeler midlane i samråd med KS.

Føringar for midlane:

Prosjekt som ligg innafor eit eller fleire av desse områda vil bli prioriterte:

1. Kommunale tenester til
 - asylsøklarar og busetjing og integrering av flyktningar
 - helse og omsorg, til dømes velferdsteknologi og nye krav innanfor rus eller psykiatri
 - barnevern, interkommunalt samarbeid om akuttberedskap
2. Digital forvaltning, med vekt på brukarvenlege tenester og innhald
3. Samfunnsutvikling og lokaldemokrati, til dømes på desse områda:
 - Planarbeid, mellom anna med vekt på folkehelse
 - Rekruttering
 - Klima og det grønne skiftet
4. Tverrfagleg samarbeid mellom tenester for barn og unge.

Samarbeidsprosjekt der fleire kommunar deltek blir prioriterte. På denne måten vil vi kunne få fram større og meir overgripande prosjekt – mellom kommunar, regionar eller for heile fylket. Kommunar som er med i nasjonale prosjekt, kan få tilskot der det er ein overføringsverdi til andre kommunar i fylket.

Det vert lagt vekt på at prosjekta har ein overføringsverdi, er forankra i kommuneleiinga og hjå tilsette. Prosjekta bør gi klare kvalitetsforbetringar eller effektiviseringsgevinstar. Konkrete gjennomføringsprosjekt blir prioriterte framfor utgreiingsprosjekt. Vi gjev ikkje tilskot til investeringar i utstyr. Den kommunale eigendelen for fornyingsprosjekta er 50 prosent.

Informasjonsstrategi

God formidling av prosjekta som får tildelt midlar er viktig, også for å vise fram kva fylket oppnår der det er nasjonale mål og føringar. Informasjon vert lagt ut på Fylkesmannen sine heimesider, og kommunane presenterer prosjekt på sine egne heimesider.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har utvikla ein ny nasjonal database, Prosjektskjønn, på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Etter kvart som databasen blir teken i bruk vil alle prosjekt bli presenterte her. Søknads- og rapporteringsskjema skal også registrerast i portalen. Når det gjeld undervegsrapportar og sluttrapportering er det eit maksimalt tal på kor mange teikn ein får rapportert i kvar boks. Dersom det ikkje er store endringar undervegs, skal dette vere nok. Når det gjeld sluttrapport, kan dette bli liten plass. Vi tilrår då at kommunane skriv sluttrapport i eit eige dokument og lastar dette inn som vedlegg i rapporten. Vi gjer kommunane merksam på at sluttrapporten må vere informativ og utfyllande og samsvare med dei måla som er sette opp i prosjektsøknaden. Mangelfulle sluttrapportar kan føre til at midlane må betalast attende.

Lenke til søknadsportalen finn du her: <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Marit Lunde
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.